



28.05.2009

Stiftelsen Fairtrade Max Havelaar Noreg
Storgata 11
0155 Oslo

Arkivsak: 08/2593
Løpenr.: 09/6677
Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud
-

Melding om politisk behandling - Søknad om å bli godkjent som Fairtrade-kommune.

Vi viser til tidlegare tlf. samtalar om saka.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 28.05.2009, sak 36/09:

- 1. Luster kommunestyre støtter Fairtrade. Kaffi og te som vert servert på rådhuset skal vere Fairtrade-merka.*
- 2. Luster kommunestyre skal undersøke om det er mogleg å agere som ein etisk innkjøper i alle sine funksjonar. Når kommunen inngår nye eller reforhandlar rammeavtalar for offentlege innkjøp, skal kommunen arbeide for at Fairtrade-merka produkt er ein del av avtalen.*
- 3. Luster kommunestyre oppfordrar alle kommunale einingar til å handle Fairtrade-merka produkt der det er mogleg.*
- 4. Kommunestyret godkjenner søknaden om å bli godkjent som Fairtrade kommune. Styringsgruppa som har arbeidd fram søknaden, får i oppgåve å halde fram arbeidet slik at kommunen oppnår status som Fairtrade kommune, og kan oppretthalde denne statusen framover.*

Søknaden på dykkar standard søknadsskjema følgjer vedlagt, saman med foto og pressedokument. No håpar me på godkjenning og at de kan komme til Luster laurdag den 13. juni som omsnakka i tlf. Ta kontakt med undertekna eller Anette Støgegjerde, tlf. 97 75 90 69

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
leiar servicetorget

ADRESSE: Rådhuset 6868 GAUPNE	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	-------------------------------	--	---

